



# Førsteamanuensis i statistikk

## Førsteamanuensis

Matematisk institutt er eit internasjonalt retta og dynamisk miljø med sterkt fokus på grunnforskning.

Statistikkgruppa driv forskning innan aktuarfag/finans, risikoanalyse, tidsrekker/økonometri, ikkje-parametrisk statistikk, romleg statistikk, biostatistikk/medisinsk statistikk og utrekningsorientert statistikk. Ein viktig del av gruppa sin aktivitet vert utført i samarbeid med andre forskingsinstitusjonar i Bergen og i utlandet.

## Arbeidsoppgåver og forskingsområde:

Vi søker kandidatar med ein sterk forskingsbakgrunn i statistikk, som vil bidra til å styrke og utfylle forskingsaktiviteten i statistikkgruppa. Arbeidsoppgåver vil omfatte forskning og undervisning i statistikk, rettleiing av master- og ph.d.-studentar, samt å medverke til vidareutvikling av studieprogramma i statistikk. Instituttet legg stor vekt på god undervisning, og den som vert tilsett i stillinga må kunne undervise eit breitt utval av emne innan statistikk, frå grunnkurs til kurs på master- og ph.d.-nivå, inkludert matematisk statistikk. Evne til å initiere og byggje interdisiplinære forskingssamarbeid, vil være ein føremon.

## Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha doktorgrad i statistikk eller tilsvarande kompetanse.
- Søkjarar må ha ein sterk forskingsbakgrunn i statistikk. Det vil bli lagt særleg vekt på forskingsresultat oppnådd dei siste 5 år.
- Søkjarar må kunne undervise eit breitt utval av emne innan statistikk, frå grunnkurs til kurs på master- og ph.d.-nivå, inkludert matematisk statistikk
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig, strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Søkjarar må kunne bidra i forskingslag, både som leiar og deltakar.
- Det blir forventa at den som blir tilsett bidrar til eksternfinansiert forskingsaktivitet, og søkjarar bør dokumentere evne til å hente inn ekstern forskingsfinansiering.
- Søkjarar må ha svært gode engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg.

Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på. Forskningsrøynsle, ambisjonar og potensial vil også telje ved vurdering av kandidatane.

## Undervisning - kvalifikasjonar og eigenskapar

Søkjarar må dokumentere sine pedagogiske kvalifikasjonar og erfaring i undervisning og rettleiing av studentar. Dette vil til dømes gjerast ved å sende inn

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne undervisningsprisar
- egne pedagogiske publikasjonar
- egne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Undervisningsspråket er norsk. Det er eit krav at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som vert tilsett må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistarar eit skandinavisk språk.

Ved Universitetet i Bergen blir det lagt reell vekt på pedagogiske kvalifikasjonar ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar.

## Vi tilbyr:

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 66 - 74 (kode 1011/LR 24.8). Dette utgjer ei årsløn på kr 586 500 - 682 200. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det bli aktuelt å vurdere høgare løn.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode velferdsordningar

Førsteamanuensis i fast stilling har høve til å søkie om opprykk til professor etter kompetanse. Fristen for slik søknad er 15 september kvart år.

## Søknaden skal innehalde:

- CV
- vitnemål og attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- ei kort utgreiing om søkjaren si interesse og motivasjon for å søkje denne stillinga, samt over dei viktigaste resultatane i søkjaren si forskning (2-3 sider)
- ei fullstendig liste over undervisningserfaring, inkludert roller i underviste kurs
- vedlegg som dokumenterer pedagogiske kvalifikasjonar
- liste over vitenskaplege arbeid søkjaren vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er publiserte
- namn på tre referansar, kor minst ein må kjenne søkjaren frå undervisingsarbeid

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge. Søknadar sendt på epost vil ikkje verte vurderte

## Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiar, professor Sigmund Selberg; e-post: [sigmund.selberg@uib.no](mailto:sigmund.selberg@uib.no).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

## Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet består av sju institutt og en rekke sentre. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 169174, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut